



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

## Referat

# Studentparlamentsmøte 30.03.2022

**Tid** Onsdag 30.03.22 kl 16.00-20.00  
**Stad** Sivert Aarflot 272

### Til stades med stemmerett: 8

**AHL** Andrine Kompen (H)  
Severine Riise Eidem (H)  
**AKF** Leander Prag Sømme (H),  
Calvian Berget (V)  
**AMF** -  
**ASH** Monira Adam (H)  
Jenny Nystad (H)  
**FRI** Rikke Jenny Pettersen (H)  
Ida Margrethe Ulvestad (H)

**Meldt forfall:** Henriette Nordheim (AMF), Karl Schultz (Fri), Matilde Tafjord Rødhammer (AU)  
Håvard Sætre Øvrebø (H), Gwen Wördenweber (H), Abdikani Amin (H).

### Til stades utan stemmerett

**AU:** Leiar Trond-Fredrik Hoddevik, internasjonalt ansvarleg Fady Gemayel,  
velferdsansvarleg Daria Jermacane, infoansvarleg Bethel Britto  
**Ordstyrar:** Irmelin Angell Losvik  
**Referent:** Organisasjonskonsulent Marit Aklestad  
**Andre:** Sak 68: Frå Fadderstyret 22 – Simen Toverud, Sam O’Sullivan og Maly Wane.  
Sak 69: Prorektor Odd-Helge Mjellem Tonheim

## Saksliste

Sak 62 – 21/22:	Opprop og val av møteleiing .....	2
Sak 63 – 21/22:	Godkjenning av innkallinga.....	2
Sak 64 – 21/22:	Godkjenning av dagsorden med saksliste .....	3
Sak 65 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 02.03.22.....	3
Sak 66 – 21/22:	Prinsippprogram 2022-26.....	3
Sak 67 – 21/22:	Val av styremedlemmar til SiVolda .....	4
Sak 68 – 21/22:	Presentasjon av det nye fadderstyret .....	4
Sak 69– 21/22:	Leiingsmodell ved HVO: valt vs tilsett rektor .....	6
Sak 70 – 21/22:	Endring av vedtekter og valreglement .....	7
Sak 71 – 21/22:	Orienteringar .....	8
Sak 72 – 21/22:	Ekstrasak. Student til innstillingsutval for ny høgskuledirektør .....	8

## Sak 62 – 21/22: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

---

### Namneoppnop

8 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

#### Vedtak (samrøystes)

- Irmelin Angell Losvik vart vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vart vald til referent
- Fady Gemayel og Bethel Britto vart valde til teljekorps.

## Sak 63 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

---

Merknad: sakspapira vart sendt ut etter fristen.

#### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

## Sak 64 – 21/22: Godkjenning av dagsorden med sakliste

Type sak: Vedtakssak

---

Merknader:

- AU innstilte på å leggje til ei ekstrasak 72/21-22 i saklista: Student til innstillingsutval for ny høgskuledirektør.
- Sak om prinsippprogram skal stå oppført som vedtakssak i saklista, slik som det står under sjølve saka.

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtok saklista for møtet, inkludert ekstrasak 72/22 og tilleggsmerknad.

## Sak 65 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 02.03.22

Type sak: Vedtakssak

---

Merknad til referatet:

- Formuleringa om at mange er misnøgde med tildeling frå SiVolda stemmer ikkje heilt med det som kom fram i møtet. Omformuler til: «Det er mange studentorganisasjonar som har søkt midlar med SiVolda. Enkelte har uttrykt misnøye med å ikkje få tildelt like mykje som dei har søkt om».
- Tilleggsopplysning (Irmelin A. Losvik, styreleiar SiVolda): Det vart delt ut 55 000 kr i ekstramidlar til studentorganisasjonar ved tildelinga for vårsemesteret 22.

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjende referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 02.03.22 med merknader. Merknadane blir lagt til referatet.

## Sak 66 – 21/22: Prinsippprogram 2022-26

Type sak: Vedtakssak

---

Saka var oppe til diskusjon på førre møte i Studentparlamentet. Leiar orienterte om arbeidet i AU med utarbeiding av det nye prinsippprogrammet med utgangspunkt i debatt og kommentarar frå førre møte.

### Endringsforslag 1

Tillegg til setning to: AU får mynde til å gjere redaksjonelle endringar i dokumentet og utarbeide ny layout til endeleg godkjenning av parlamentet.

**Votering:** 5 stemmer for AU sitt forslag, 3 stemmer for endringsforslag 1.

**Vedtak:**

Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til nytt prinsippogram 2022-26.  
AU får mynde til å gjere redaksjonelle endringar i dokumentet og utarbeide ny layout

## Sak 67 – 21/22: Val av styremedlemmar til SiVolda

Type sak: Vedtakssak

---

Internasjonalt ansvarleg Fady Gemayel presenterte saka. Det var ope for spørsmål til verva.

**Desse stilte til val:** Daria Jermacane, Calvian Thomas Berget, Jenny Nystad og Severine Riise Eidem. Kandidatane presenterte seg sjølv, og medlemmar i Studentparlamentet stilte spørsmål til kandidatane.

**Votering:** urneval.

To rundar med likt stemmetal mellom plass 3 som fast representant og 1. vara-plass, gjorde at alle i rommet, forutan møteleiar og organisasjonskonsulent, fekk røyserett i ei 3. voteringsrunde.

**Val av 2. og 3. vara:** Ida Margrethe Ulvestad stilte til 2. vara og Andrine Kompen stilte til 3. vara.

**Vedtak:**

Studentparlamentet vel desse som medlemmar i styret i SiVolda for perioden 2022-23:

Daria Jermacane

Jenny Nystad

Severine Riise Eidem

1. vara: Calvian Berget

2. vara: Ida Margrethe Ulvestad

3. Andrine Kompen

## Sak 68 – 21/22: Presentasjon av det nye fadderstyret

Type sak: Orienteringssak

---

AU har saman med høgskulen tilsett nytt fadderstyre for Fadderveka 22. Medlemmar i styret kom til møtet og presenterte seg sjølv og korleis dei ser føre seg arbeidet med Fadderveka 22.

**Det nye fadderstyret er sett saman slik:**

Leiar – Matilde Tafjord Rødhammer

Fadderansvarleg – Sarita Olivia Maureria

Sponsor- og økonomiansvarleg – Simen Toverud

PR og multimedieansvarleg – Maly Wane

Arrangementsansvarleg – Samuel O’Sullivan

***Pause***

## Sak 69– 21/22: Leiingsmodell ved HVO: valt vs tilsett rektor

Type sak: Diskusjons- og vedtakssak

Studentparlamentet skal ta stilling leiingsmodellen til HVO og gi høyringsvar til Høgskulestyret, der saka skal opp i juni. Prorektor Odd Helge Mjelle Tonheim orienterte i saka.

Alle medlemmar i Studentparlamentet er invitert til allmøte om saka kl 10-11.30 måndag 4. april. AU føreslo ekstraordinært digitalt parlamentsmøte torsdag 07.04. kl 16.30, med tidsramme max ein time.

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet set opp ekstraordinært digitalt møte torsdag 7. april kl 16.30 der saka om leiingsmodell blir vedtakssak.

Merknad: organisasjonskonsulent vil lage eit kort notat frå allmøtet på mandag som blir lagt ved sakspapira til det ekstraordinære møtet.

### Debatten

Spørsmål: Vil den eksterne styreleiaren vere stasjonert på HVO?

- Nei, vedkomande vil ha ein annan jobb til dagleg, men vere på HVO når det er styremøter, og sikkert ein del elles i førebuingar eller oppfølging av saker.

Spørsmål: kan ein vedta valt rektor no, men at saka skal opp til ny vurdering om 4 år?

- Replikk, prorektor Odd Helge Mjelle Tonheim: Ja, men den kjem nok til å kome opp igjen om 4 år uansett. Eit vedtak står til neste vedtak blir gjort.

### Innspel til AU:

Valt	I tvil	Tilsett
Heller mot valt rektor, som i større grad må svare for styret og vere ansvarleg ovanfor dei. Tilsett rektor ikkje like ansvarleg, dersom styret ikkje går inn og set begrensingar.	Vanskeleg, ser begge sider. Demokrati er viktig, men problem om ingen stiller til val, då er ikkje valet så mykje verdt. Slik sett kan tilsett rektor skape tryggleik.	Ein tilsett rektor kan ha lettare for å få ting gjort. Må tenkje over om det fungerer godt som det er, eller om vi vil ha endringar.
Føler valt er best med tanke på at tilsett vil føre til å trekkje inn ein ekstern styreleiar som ikkje kjenner det som skjer på HVO	Usikker, kan ikkje nok om strukturane. Hatt den same strukturen ganske lenge, ikkje skremt av omorganisering. Men det kan også gjerast med valt rektor.	Det er mykje som kan bli betre på HVO. Eksempelvis informasjonsformidling, arbeidskultur. Nytt blick inn på korleis HVO fungerer kan føre til positive endringar, betre studentliv.
Valt rektor vil vere med å oppretthalde Volda som stad	Heller litt mot valt, men har ikkje landa, ser positive og	

og eigenart, og kanskje støtte Volda meir som stad og skule, historisk sett	negative sider ved begge modellane.	
Negativt ved omlegging til tilsett rektor at det vil krevje midlar som må takast frå undervisning og forskning.	Kanskje valt rektor er OK no, men at tilsett rektor kan bli aktuelt om nokre år?	
Valt rektor gir studentane moglegheit til å stemme, og dermed studentdemokratiet større moglegheit til å påverke kven som sit i leiinga ved HVO og dermed samansetjinga av høgskulestyret.		

#### Oppsummering frå leiar Trond-Fredrik Hoddevik

- AU har ikkje landa på noko enno, men takkar for gode innspel som får fram både positive og negative sider ved dei ulike modellane.
- Som leiar for Studentdemokratiet, vil eg vektleggje det demokratiske i valt rektor, som har ein demokratiserande effekt på utdanningsinstitusjonen vår.
- AU vil bearbeide innspela og kome med ei innstilling etter allmøtet på måndag. Vi planlegg å sende ut sakspapir og vedlegg/notat tysdag 05.04.

## Sak 70 – 21/22: Endring av vedtekter og valreglement

Type sak: Vedtakssak

Ordstyrar gjekk kort gjennom innstillinga til endringar i vedtekter og valreglement. Det var ope for spørsmål og debattinnlegg.

Studentparlamentet stemte bolkvis på markerte forslag som var avhengige av kvarandre.

### Vedtak (samrøystes):

1. Studentparlamentet opnar vedtektene og valreglementet for endringar. Gjeldande vedtekter og valreglement ligg til grunn for endringsforslag og debatt.
2. Votering: alle innstilte endringsforslaga vart samrøystes vedtekne.
3. Studentparlamentet lukkar vedtektene og valreglementet med dei endringane som er gjort.

## Sak 71 – 21/22: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

---

### AU: Dette har skjedd sidan sist:

- VG-oppslag om at Volda er billegaste studiestaden å bu i landet
- Leiingsmøte: flytting av kontoret ila året
- Håpskafe: vellukka arrangement
- Besøk av statsråd Kjersti Toppe på HVO
- NSO Volda-delegasjonen har hatt første møte og er i gang med arbeidet fram mot landsmøtet

### AU: Dette skjer framover:

- Pantekampanje til Ukraina
- Spørjeundersøkelse om fadderveka er ute
- SAIH landsmøte 29.-30. April. Vi kan sende to studentar
- Møte for tillitsvalde i morgon torsdag,
- Val av nytt AU på neste møte!
- NSO landsmøte 21.-24. april. Formøte 2.-3. april.

### Info frå studentar i råd og utval, Studentparlamentet

- LMU
- Miljøfyrtårn
- Høgskulestyret: høgskuledirektør har sagt opp og styret skal tilsetje ny, jf. ekstrasak 72.
- Print. Calvian har sendt mail til dekanane, fått 2 svar.

## Sak 72 – 21/22: Ekstrasak. Student til innstillingsutval for ny høgskuledirektør

Type sak: Vedtakssak (så fremt Studentparlamentet godkjenner det med 2/3 fleirtal)

---

Høgskuledirektør ved HVO har sagt opp stillinga si frå 01.08.22. Høgskulestyret har sett ned eit innstillingsutval som skal innstille på kandidat, både til den faste stillinga til hausten, og til ei mellombels tilsetjing inntil fast ny direktør er på plass.

AU har i dag, 30.03.22, fått informasjon frå leiinga ved HVO om at det skal vere med ein studentrepresentant i innstillingsutvalet.

### Vedtak (samrøystes):

Leander Prag Sømme blir valt til studentrepresentant i innstillingsutvalet for ny høgskuledirektør. Trond-Fredrik Hoddevik blir valt til personleg vara.

Møteslutt ca. 19.45.